
Saksnr: 2020/70846-2
Saksbehandlar: Eva Moberg, David Aasen
Sandved, Ronny Skaar

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

Utgreiing fellesmagasin for musea i Vestland

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget tek fylkesrådmannen si utgreiing til vitande.
2. Organisering, eigarskap og finansiering vil bli handsama i samband med økonomiplan og budsjett 2022

Samandrag

Saka her er ei oppfølging av vedtaket i PS 128/2020, der fylkesrådmannen tilrår at musea sjølv byggjer og eig fellesmagasin, og gjer kort greie for kva konsekvensar dei to alternativa til organisering av etablering av eit framtidig museumsmagasin har for prosjektstyring, økonomistyring og medverknad av aktørane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget bad i vedtak dagsett 17.12.19 om ein gjennomgang av museumspolitikken med ei vurdering av eventuell samordning av dei ulike magasinprosjekta ved musea i Vestland, samt framlegg til korleis ein kan finansiere nytt fellesmagasin som eit felles løft.

I sak i hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 15.10.2020 (PS 128/2020) peiker fylkesrådmannen på aktuelle museumspolitiske utfordringar, mellom anna behovet for å sjå ulike regionale initiativ i samheng og vurderer desse opp imot nasjonale føringar og ansvarsforholdet mellom stat og fylkeskommune/kommune.

På bakgrunn av dette foreslår fylkesrådmannen konkrete tiltak for vidare innretting av den regionale museumspolitikken.

Saka drøftar bevaringstenester, fellesmagasin og etablering av ei ordning med bygningsvernkonsulentar i heile Vestland.

Saka vart handsama i hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 15.10.2020 . Det vart gjort følgjande vedtak:

«Saka vert utsett. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ei utgreiing av to alternativ til organisering av etablering av framtidig museumsmagasin, som skal følgje saka til fylkestinget:

1. Musea og eventuelt andre aktørar som byggherre og eigar av magasinet.
2. Vestland fylkeskommune som byggherre og eigar av magasinet.

Utgreiinga skal ta utgangspunkt i kva konsekvensar alternativa har for prosjektstyring, økonomistyring og medverknad av aktørane»

Saka her er ei oppfølging av vedtaket i PS 128/2020 og gjer kort greie for kva konsekvensar dei to alternativa til organisering har for prosjektstyring, økonomistyring og medverknad av aktørane.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget

Vurderingar og verknader

Prosjektstyring

Fylkesrådmannen meiner det i liten grad er vesentleg for prosjektstyringa kor vidt det er musea eller Vestland fylkeskommune som står som byggherre og eigar av magasinet. Det vesentlege for prosjektstyringa vil vere at ein profesjonell utbygger står for gjennomføringa av byggeprosjektet frå behovsavklaring til ferdig bygg. Fylkeskommunen kan her nytte eigen kompetanse. Dersom musea sjølv skal gjennomføre dette, må dei kjøpe denne tenesta. Det vil også vere vesentleg at musea sikrar ein driftsorganisasjon for drift av bygningsmassen.

Økonomistyring

Fylkesrådmannen meiner det på tilsvarande måte ikkje er vesentleg for økonomistyringa kor vidt det er musea eller Vestland fylkeskommune som står som byggherre og eigar av magasinet. Det vesentlege vil vere at finansieringa kjem på plass og at utbygginga vert gjennomført med gode rutinar for budsjett- og økonomistyring, jf. punkt over om profesjonell utbygger.

Dersom fylkeskommunen er utbygger vil investering i eit bygg måtte betalast ned gjennom langsiktige husleieavtale(r). Då fylkeskommunen i prinsippet har fordelt alle tilgjengelege investeringsmidlar frem til og med 2024, og etter det må prioritere dette opp mot andre planlagde investeringar, så kan det gå ein del år før dette blir realisert.

Dersom musea er utbygger, vil det vere naturleg å tenkje seg eit spleiselag mellom stat, fylkeskommune og kommunar for å få investeringsmidlane på plass. Fylkesrådmannen vil her vise musea i Sogn og Fjordane sin investering i fellesmagasinet i Angedalen i Sunnfjord, der musea står som byggherre (ombyggingsprosjekt) og eigar og har fått tilskot frå stat (40 mill.), fylkeskommune (20 mill.), og kommunar (1.mill.).

Medverknad av aktørane

Fylkesrådmannen meiner medverknad av aktørane kan sikrast både ved alternativ 1 og alternativ 2. Det er likevel grunn til å tru at musea vil kunne legge større vekt på eigne museumsfaglege vurderingar og behov i planlegginga, samt utvikle større grad av eigarskap til fellesmagasinet som bygg, dersom alternativ 1 vert valt.

Merknad i høve prinsipielle spørsmål til fylkeskommunen sin rolle i utvikling av arenaer for kultur
Spørsmålet om type engasjement frå fylkeskommunen si side i bygging av fellesmagasin for musea, har og prinsipiell tyding. Kva rolle skal fylkeskommunen ha når det gjeld utbygging av og tilrettelegging for kulturarenaer og infrastruktur i fylket, og kva kriterium skal leggest til grunn for kva bygg fylkeskommunen skal prioritera.

I motsetnad til arkiv- og bibliotekfeltet vert dei færreste museum eigd av kommune, fylke eller stat. Samstundes har Vestland fylkeskommune i dag eigarskap til m.a. noverande bygg til Bevaringstenesta i Salhus (MuHo) og Kunsthuset Kabuso (HVM). Andre døme på kulturfeltet er at fylkeskommunen eig 50% av både Grieghallen IKS og Moster amfi og kyrkjehistoriske senter.

I Vestland er det i dag ei rekkje prosjekt som er sett i gong når det gjeld ulike typar kulturhus. Fleire av desse har og søkt Vestland fylkeskommune om tilskot. Initiativa spenner breidt, frå ålmenne kulturhus til hus med fagspesifikke oppgåver. Som hovudregel er det ikkje forventa at fylkeskommunen skal ha rolla som byggherre eller eigar, men skal yta tilskot på lik line med andre organ, styresmaktar, sponsorar mv.

Fylkeskommunen disponerer i dag ei tilskotsordning til kulturhus som er finansiert med øyremerka spelemidlar. Slik spelemiddelnøkkelen er, kan ein forventa å kunne tildela om lag fem millionar årleg til dette. Med så små midlar har Vestland fylkeskommune prioritert lokal, gjerne lagseide, kulturhus i denne ordninga. Andre fylkeskommunar har prioritert kulturhus med tydlegare regionale funksjonar, som t.d. musea i det nasjonale museumsnettverket.

Fylkestinget fatta i juni 2020 vedtak om å oppretta ei tilskotsordning for kulturarenaer med regionale funksjonar. Då bad fylkestinget fylkesrådmannen om å opprette ein budsjettpost til finansiering av større kulturbygg med regionale funksjonar ved budsjettarbeidet for 2021. Det er ei utfordring for Vestland fylkeskommune å styrka arbeidet med denne tilskotsordninga i åra frametter. Fylkesutvalet vedtok retningslinjer for ordninga på møte i september. Ordninga vart lyst ut med søknadsfrist 20. oktober, og det kom inn åtte søknader med ein samla sum på om lag 56 millionar kroner.

Fylkesrådmannen sin vurdering er at det er denne ordninga som bør utviklast til å imøtekoma behova for arenaer på heile kulturområdet. Som regional utviklar vil fylkeskommunen på sikt kunna oppnå betre resultat som tilskotsgjevar enn som byggherre og eigar av utvalde anlegg.

Økonomi: Kan bli avklart og vedteke i økonomiplan og budsjett 2022

Klima: Musea som samfunnsaktør i lokalsamfunnet må kunne formidle konsekvensar av klimaendringar, sett i samanheng med endringar og fornying i samfunnet.

Folkehelse: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa. Musea er ein viktig samfunnsaktør særleg knytt til arbeid med integrering, inkludering, styrking av lokal og regional identitet og frivillig arbeid.

Regional planstrategi: Musea er viktige aktørar innan forvaltning av samlingar, forskning, formidling og fornying. Musea vil særleg kunne bidra med kunnskap knytt til berekraftig utvikling og ressursforvaltning.

Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer det som avgjerande at prosjekt- og økonomistyring vert ivareteke gjennom ein profesjonell utbyggjar. For musea sin del vil det vere naudsynt å kjøpe tenester for å løyse denne oppgåva. Dersom fylkeskommunen skal stå som byggherre og eigar av fellesmagasinet, vil det vere avgjerande at fellesmagasinet vert prioritert i fylkeskommunen sitt investeringsbudsjett. Dersom musea skal stå som byggherre og eigar, vil det også vere behov for å setje av fylkeskommunale investeringsmidlar, då som del av eit spleiselag med stat og

kommunar. Når det gjeld medverknad frå aktørane, meiner fylkesrådmannen dette kan sikrast både ved val av alternativ 1 og 2.